

Møtereferat

Dato: 05.05.2017

Emne:	Møtereferat frå RMNF-AU 05.05.17		
Til stades:	Kjell Håland, leiar Kjell Søvik, nestleiar Merethe Helland Nordnæs, møtesekretær		
Forfall:	Ingen		Sak: 2016/34506-4
Møtetid:	Kl. 08.45 – 11.30	Møtestad: Møterom Sunnhordland, fylkeshuset	

Møteleiar: Kjell Håland**Referent: Merethe Helland Nordnæs****Agenda for møtet:**

1. Høringsuttale: Søknad om utvida TT-ordning.
2. Program for neste møte i RMNF den 24.05.17.
3. Invitasjon: Nordic Conference, "Universal Design and New Technology".
4. Eventuelt.

Sak 1. Høringsuttale: Søknad om utvida TT-ordning 2017:

Arbeidsutvalet gjekk gjennom temaet «Utvida TT-ordning – invitasjon til å søke om midler». Det hadde vore eit møte for organisasjonane den 03.05.17 i møterom Vestlandet, for RMNF, Eldrerådet og organisasjonane FFO, SAFO, Norges blindforbund mellom anna. Det var HFK, v Samferdselsavdelinga som hadde teke initiativ til møtet. Møtet i AU-RMNF den 05.05.17 var primært eit arbeidsmøte der ein tok sikte på å skrive ein høringsuttale i samband med søknad om utvida TT-ordning 2017. Det vart skriven ein høringsuttale i møtet, som vart sendt til samferdselsavdelinga same dag. RMNF rådde til at det vart søkt om midler til utvida TT-ordning for 2017. Høringsuttalen vil bli lagt ved som ein referat-sak til møtet i RMNF den 24.05.17.

Sak 2. Program for neste møte i RMNF den 24.05.17:

Kl. 09.00-kl. 09.30 Orientering frå Mobbeombodet.

Kl. 09.30-kl. 10.00 Opplæring og helse, orientering rapport fra barneombudet angående spesialundervisning.

Kl. 10.00-kl. 10.15 Pause.

Kl. 10.15-10.35 Tove Iren Vindenes: Tilrettelagt idrettstilbud for mennesker med nedsatt funksjonsevne, herunder landsturneringen.

Kl. 10.35-12.00. Sakshandsaming.

Saker:

RS Søknad om utvida TT-ordning. Høringsuttale.

RS Referat frå møte med Torghatten. Kjell H og Kjell S deltok på møtet.
RS Rapport om fysisk aktivitet, omfang, tilrettelegging og sosial ulikhet.
RS Kyrre skole, leige av lokale.
PS Utrygghet for blinde/svaksynte ved kryssing av fotgjengerfelt ved Bybanen.

Eventuelt:
Regnskap/økonomi.

3. Invitasjon: Nordic Conference, "Universal Design and New Technology".

Kjell S stilte spørsmål om han kunne delta på dette kurset. Kurset er i Oslo den 20.06.17.
Det ble vedteke at Kjell S kunne delta på dette kurset.